

Samspel om utviklinga i Sogn

- Korleis møte folketalsutviklinga i regionen?

v/ Tommy Aarethun



Skal det bu folk på kvart eit nes og i kvar ein fjord?

... og kva tilbod skal dei i so fall få?




Kampen om talentene

2 av 3 EU-
borgere bor i
regioner med
synkende befolkning

Avfolkning på grunn av:

- Arbeidsutvandring
- Alderssammensetning





[Forsiden](#) / [Befolkning](#) / [Befolkningsframskrivninger](#) / [Regionale befolkningsframskrivninger](#) / [Artikler om regionale befolkningsframskrivninger](#) / Folketallet vil krympe i 40 prosent av kommunene fram mot 2050

Regionale befolkningsframskrivninger

Folketallet vil krympe i 40 prosent av kommunene fram mot 2050

Byene og områdene rundt fortsetter å vokse, mens svært mange distriktskommuner vil se et synkende folketall fram mot 2050. Disse kommunene vil få en befolkning med særlig høy alder.

Publisert: 5. juli 2022



Meir av same eller ny medisin?

- Store globale trendar.
- Vil kreve store grep.
- «Prøveordning på sertifikat for 16 åringar i distrikta» løyser ikkje desse store samfunnsutfordringane
- Kommunesamanslåing / Interkommunalt samarbeid
- Kan ein tenke nytt og djervt om samfunnsutvikling?



Dette er eit godt utgangspunkt

Sjølv om han gler seg over tala for sin eigen kommune, meiner sogndalsordføraren at utviklinga av Sogn som region er viktigare enn enkeltkommunane.

– Sogndal må spreia veksten til nabokommunane. Dersom folk flyttar til kommunen frå til dømes Lærdal eller Vik, er ikkje det bra. Me må jobba saman som region for å få inn folk utanfrå, og eg trur at mange viktige oppgåver i denne samanhengen kan løysast best i lag, seier han.

Kjelde: Sogn Avis




Folketalsutviklinga bør bane veg for drøftingar om desentralisert sentralisering

OPPDATERTE TAL frå SSB syner at folk flyttar til byane og dei større stadene, og at ei rekke kommunar ligg an til å oppleve stor nedgang i talet på innbyggjarar. Det bør bane veg for politiske drøftingar om desentralisert sentralisering og regionalisering.

DEI OPPDATERTE framskrivingane for utviklinga i den norske befolkninga frå Statistisk sentralbyrå (SSB) gjev grunn til stor uro hjå ein del ordførarar, medan andre kan sjå meir positivt på utviklinga fram mot 2050. Oppsummert kan ein seia at folk flokkar seg til byane og deira omland og at befolkninga vert stadig eldre, særskilt på bygdene.

SEREIN på dei tre vestlandsfylka er det særskilt kommunane Vanylven i Møre og Romsdal (-21,1%), Årdal i Vestland (-19,9%) og Sauda i Rogaland (-11,6%) som har størst grunn til bekymring med tanke på utviklinga framover. Ein del av dette handlar om globale megatrender, som er godt kjent og dokumenterte og som det er vanskeleg å gjera noko med dette. Når det er sagt bør dei likevel takast på det største alvor, og kanskje er tida inne for nytenking og drøfting av andre tilnærmingar enn det som har vore vanleg til no?

EGER av dei som trur dei regionale motorane, som til dømes Sogndal kommune som er ein av kommunane som vert spådd å ha høg folketalsvekst framover, vil spele ei heilt avgjerande rolle i utviklinga framover. 3125Også for veksten og utviklinga i dei omkringliggjande kommunen i deira region. Det



DAGLEG LEIAR:

Tommy Aarethun er dagleg leiar i Initiativ Vest.

FOTO:
INITIATIV VEST

er difor særst gledeleg at ordførar Arnstein Menes ser ut til å ha forstått dette når han i denne saka i Sogn Avis meiner at «utviklinga av Sogn som region er viktigare enn enkeltkommunane.»

DETER ei klok tilnærming, som bør forplikte og som ordførarane i nabokommunane bør notere seg. Det bør også danne grunnlaget for eit meit samanspel mellom den regionale motoren og omlandskommunane. Til dømes kan det bety at kommunane i ein region ser verdien av, og går inn for, at ein må ha eit regionalt senter der ein har tilgang til rekkje fasilitetar og tilbod som ein ikkje kan ha i kvar kommune. Det som vert omtala som desentral sentralisering. Det bør derimot også bety at ein har eit regionalt senter som ser verdien av å ha eit godt omland, og som heiar på og bidreg til vekst i desse kommunane. Eg har tidlegare teke til ordet for i denne avisa at det vil vera heilt avgje-

rande å få etablert ei forståing av at ein er gjensidig avhengig av kvarandre for å lukkast.

NO NÆRMAR det seg eit nytt kommunestyre- og fylkestingsval. Vidareutvikling av ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion bør av ovanforneimte grunnar vera svært høgt oppe på agendaen til dei politiske partia kva gjeld samfunnsutviklinga framover. Det må bety strukturar og infrastruktur som legg til rette for betre samarbeid og meir saumlaus flyt over kommunegrensene. Slik kan også dei som bur i, eller ynskjer å flytte til, regionen få tilgang på ein større og meir interessant arbeidsmarknad. Det vil vera bra for regionen som heilskap, og truleg også for dei enskildte kommunane. Kvar for seg er det ei umogleg oppgåve å kjempe mot globale megatrender, men kanskje vert det litt enklare om ein samlar kreftene?


TOMMY AARETHUN, DAGLEG LEIAR, INITIATIV VEST

Kjelde: Sogn Avis



Kva er desentralisert sentralisering?

- Tanken bak dette er at Vestlandet kan utvikle ein ny modell for distriktspolitikk som framfor å byggje opp motsetnader mellom bygd og by heller ser samanhengane som gjer at ein kan skape vekst i heile regionen.
- Desentralisert sentralisering går ut på å konsentrere veksten kring eit utval av regionale sentra.
- 20 ankerkommunar på Vestlandet?
- Tanken er at desse er store nok til å huse solide fagmiljø, og at ein har ei plassering som gjer at dei (saman med sine omland) dekkar store delar av regionen.
- Viktig føresetnad: at motor og omland forstår at ein er gjensidig avhengig av kvarandre framover.



Motor + omland = ?

- Distrikta treng regionale motorar for å lukkast, men ein vil fyrst lukkast skikkeleg når dei regionale motorane og omlandet forstår at dei er gjensidig avhengig av kvarandre!
- Omlandet utgjer og inngår i den felles bu- og arbeidsmarknadsregionen kring den regionale motoren.
- Mange har difor interesser/engasjement i fleire kommunar.
→ Arbeid, skule, fritid, fotballklubb, kultur
- Er ein gode nok på å leggje til rette for dette?
- Sikrar ein i tilstrekkeleg grad at vekst i senter også kjem omlanda til gode?



Innspel til vidare arbeid

- Er desentralisert sentralisering svaret? Kanskje.
- Motor og omland må forstå at dei er gjensidig avhenging – vekst og utvikling må kome alle til gode.
- Felles samfunnsplanlegging
→ Felles plan for Sogn? Tilheng til kommunale planar?
- Posisjoner Sogn inn i arbeidet med *Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn*
→ Pilot for tettare samarbeid for å møte folketalsutviklinga?
- Felles politikkutvikling på tvers av kommunegrenser og fjordarmar
- Ta aktive grep. Tørr å tenke nytt og djervt.
- Dei regionane som gjer aktive grep vil vera best rusta til å møte framtida.



